

Informasjon om Eldremedisinsk poliklinikk på Førde Sentralsjukehus og Nordfjord sjukehus

Eldremedisinsk poliklinikk, Førde Sentralsjukehus og Nordfjord sjukehus, er ein del av medisinsk poliklinikk. Det er eit tilbod for pasientar frå omlag 70 år med samansette problemstillingar.

Kven kan tilvisast til Eldremedisinsk poliklinikk?

Eldremedisinsk poliklinikk tilbyr utgreiing i forhold til desse problemstillingane:

- Demensvurdeing
- Førarkortvurdering
- Komorbiditet/ polyfarmasi / brei geriatrisk vurdering
- Førde: brei geriatrisk vurdering for personer med hjertesjukdom

Tilvising:

Pasientar må tilvisast frå fastlege eller sjukehuslege.

Ved utgreiing av demens er det ynskjeleg at tilvisande lege bestiller CT/ MR cerebri etter kva pasienten er eigna for.

Vi ynskjer at fylgjande blodprøvar blir tatt før time på sjukehuset:

- Leukocytter, trombocytter, Hemoglobin, Ery-MCV, Senking
- Kalium, Natrium, Calsium,
- Kreatinin, HbA1c
- ALAT, ALP, GGT, Albumin
- Vitamin B12 – total, Folat, 25 OH Vitamin D
- TSH, fritt T4
- Ved hjertesjukdom. NT-proBNP, kolesterol, LDL og HDL.

Korleis er tilboden lagt opp?

Eldremedisinsk poliklinikk har eit fast team med indremedisinar, ergoterapeut og geriatrisk sjukepleiar, i tillegg psykiater ved NSH. Alt etter sjukdomsbilete vil pasienten treffen personale innan dei ulike fagfelta. Når ein kjem til time må ein rekne god tid, 2-3 timer. Det vert lagt inn pause slik at pasientane får kvile og ta seg ein kopp kaffi.

For dei eldste pasienten legg ein opp til ein avklarande konsultasjon med oppfølging i kommunane.

Pårørande:

Pårørande er ein viktig ressurs, og det er ynskjeleg at pårørande er med pasienten til timen.

Samarbeid med kommunane:

Vi ynskjer å ha eit nært samarbeid med kommunehelsetenesta. Dersom pasienten ikkje har kontakt med kommunehelsetenesta og får diagnose demens, er målet at pasienten blir tilvist hukommelsesteam i kommunen før dei blir avslutta på Eldremedisinsk poliklinikk.